



Sigrid Øyre hagen og hennar Kunstnarlege innsats pregar dette nummeret av Uskedalsposten (Foto: Ola Matti Mathisen)

**At påskenummeret av Uskedalsposten er eit kvalitetsprodukt, legg
ein merke til med det same ein får det i handa.
Ein kan ikkje unngå leggja merke til den flotte kvaliteten på bilde,
trykk og layout. Etter å ha bladd gjennom dette nummeret som
er i salg frå tirsdag denne veka, kan eg slå fast at innhaldet er på same nivå.
Dette er veldig bra!**

Den gode tekniske kvaliteten framhevar og innhaldet i dei ulike artiklane.
Dette er av uvurderleg verdi i presentasjonen av vår

flotte kunstnar Sigrid Øyrehaben. Ho vert presentert over 10 sider, i hovudsak gjennom gode bilde av 15 kunstverk ho har produsert gjennom ein periode på nærmere 40 år. Årstal fortel når kunstnaren har laga dei ulike kunstverka, og dermed vert dei ti sidene ei interessant reise der vi føl utviklinga til kunstnaren; - mellom anna gjennom ulike teknikkar og skiftande fargeval. Dette er svært interessant, og for underteikna er det kanskje dei sidene eg har sett aller mest pris på i Uskedalsposten sine 7 årgangar.

Interessant for mange er det nok og å lesa om hestemiljøet på Øvre Musland. Her har dei unge journalistane Sunniva E. Myklebust, Ingeborg Bjørnebøle, Karen P. Brede og Emilie Bringedal gjort ein svært god jobb. Dei fire flinke jentene bidreg og med mykje anna stoff som heilt sikkert vil falla i smak hos lesarane.

Intressant bygdehistorisk stoff finn vi alltid i Uskedalsposten. Slik er det også denne gongen. Historia til Bedehuset i bygda vert presentert av Tormod Myklebust, og vi kan verta kjent med Tormod Vågen (1903-1970), uskedeling og tidlegare generalsekretær i Norsk Luthersk Misjonssamband.

Kristian O. Bringedal tar for seg ulike historiske markeringar gjennom dei siste to hundreåra. Bygda har som kjent hatt lovande folkeauke siste året. I samband med det er det positivt at det vert fokusert på at mange unge kjøper eldre hus, renoverer dei og flyttar inn. To slike prosjekt vert presentert.

Elles inneholder påskenummeret faste spalter som 10 på gata, påskesider med ulike aktivitetar, og andaktsord ved Oddbjørg Heimark. Det er verkeleg eit komplett og innholdsrikt påskenummer!! Uskedalsposten sitt påskenummer gjer påsken endå trivsegare. Det er i salg på dei vanlege utsalgsstadene.

Av Thor Inge Døssland